

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Dok. nummer 23/05977-3

Deres

referanse:

Vår dato: 26.04.2023

Vår referanse: Ane Marte Rasmussen

Innspel til handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia

Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) takkar for invitasjonen til på komme med innspel til regjeringas arbeid med handlingsplan for norsk fagspråk i akademia. Det å behalde norsk som fagspråk er ein viktig kulturpolitisk, utdanningspolitisk og forskingspolitisk sak som krev at ein balanserer ulike omsyn, samordnar verkemiddel mellom ulike sektorområde og styrkar samarbeidet mellom fagmiljøa ved dei høgre utdanningsinstitusjonane. USN har følgande innspel til spørsmåla som er stilt i innspelsnotatet.

1. Kva er utfordringane for norsk fagspråk i akademia, og kva kan vera årsakene til desse?

Notatet peikar på utfordringar som er godt kjent for sektoren, som konsekvensane av at undervisninga går på engelsk, og at fleire tilsette ikkje snakkar norsk. Notatet viser og til at mesteparten av forskinga publiserast på engelsk. USN ser ikkje dette som ein sentral utfordring som det bør leggast vekt på i handlingsplanen. I dei aller fleste fag er det nødvendig å publisere på engelsk slik at forskinga blir lest, forstått og fagfellevurdert internasjonalt.

Behovet for norsk fagspråk og norsk fagterminologi er derimot viktig for formidling og for god kommunikasjon med samfunns- og arbeidsliv. Det gjeld den offentlege dialogen, men og kommunikasjon mellom menneske i ulike situasjonar, som innan helse- og omsorg, i undervisning og i mange andre samanhengar. Å sikre eit godt fagspråk med riktige nyansar er viktig for å formidle kunnskap, og sikre at vi har eit ordforråd som svarer til norsk verkelegheit. Nå veks det og fram «folkeforskning» eller medborgarforskning - altså ulike typar forskning i samarbeid mellom forskarar, innbyggjarar og ulike brukargrupper. Skal ein kommunisere på ein god måte til uvande forskingsaktørar er eit godt norsk fagspråk heilt nødvendig.

Det er også viktig å oppretthalde norsk fagspråk i undervisninga. Det er behov for å styrkje studentanes språkmedvit, og klargjere skilnaden mellom norsk fagspråk og norsk allmennspråk. Studentane må bli betre kjend med omgrepa som brukast i faga, dei pedagogiske og didaktiske sidene ved norsk fagspråk må vektleggast sterkare ved læring av eit nytt fag.

For studentane vil undervisning berre på engelsk kunne gjere at nokon vel bort disse studiane. Det å oppretthalde undervisning på norsk er viktig for at høgre utdanning blir tilgjengeleg for flest mogleg i heile landet.

Postadresse:

Universitetet i Sørøst-Noreg
Postboks 4
3199 Borre

Besøksadresse:

Universitetet i Sørøst-Noreg
Raveien 215
3184 Borre

Saksbehandlar:

Ane Marte Rasmussen
Tlf: +4735575246
Ane.M.Rasmussen@usn.no

www.usn.no

Tlf: 31 00 80 00
postmottak@usn.no
Org. nr: 911 770 709

Internasjonalt forskingssamarbeid er eit mål i sektoren, og resulterer ofte i engelskspråklege publikasjonar. Til no har det på mange fagområde vært betre utteljing og fleire teljande kanalar (tidsskrift) å formidle i på engelsk enn det har vore på norsk. Nå som tellekantsystemet ser ut til å endrast kan det gi meir plass til norskspråkleg publisering for formidling. Det har også vært karrierefremmande å publisere vitenskapleg på engelsk. Et breiare sett av kriteria for å vurdere forskning kan legge til rette for karriereveier i akademia som i større grad understøtter norsk fagspråk.

Norsk fagspråk må også formidlast gjennom lærebøker. Boklova inkluderer fagbøker i fastprisordninga og er eit viktig verkemiddel for at det framleis kan gis ut lærebøker til overkommelege priser også på norsk, som har eit mindre publikum. Dette er særst viktig på fagområde som forhald seg til norske/nordiske forhold.

Utanlandske arbeidstakarar som kommer til akademia lærer seg ofte ikkje norsk på eit tilstrekkeleg nivå. Det blir ikkje alltid lagt til rette for det, det tar tid og kostar pengar, og ein skal kanskje forske/publisere på eit fagfelt der engelsk føretrekkast. Det er utfordrande å sjå på kva for eit nivå ein skal legge eventuelle krav til norskopplæring for utanlandske forskarar. Men det har tidlegare vært peikt på også arbeidsmiljø og ein inkluderande praksis er viktig for at utanlandske tilsette lærer seg norsk.

2. Kva tiltak kan vera aktuelle for å styrkja norsk fagspråk?

USN ser at det er behov for å sikre ein god nasjonal infrastruktur for formidling på norsk. Fleire lærebøker og læremidlar må gis ut på norsk, og det er viktig å påskjønne/merittere norsk som fagformidlingsspråk. Aktuelle tiltak vil være å styrke stipendordningar for faglitterære forfatarar, vidareutvikle støtteordningar for lærebøker og påskjønne publisering i Store Norske Leksikon.

Vitenskaplege tilsette bør delta aktivt i utviklinga av det norske fagspråket og det er behov for å styrke samarbeidet mellom institusjonane for å vidareutvikle norsk fagterminologi. Universitets og høgskolerådet og de nasjonale fagrådene kan ta ein sterkare rolle på dette området. Videre bør det bli vurdert om norsk fag terminologi i større grad bør innarbeidast i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og leggast til grunn for formuleringa av læringsutbytte i de ulike faga.

Det bør være meritterande for vitenskaplege tilsette å bidra til utvikling av det norske fagspråket og arbeidet med databasar for terminologi og termportalen bør vidareutviklast. Det blir viktig å bruke dei nye verktya for evaluering av forskarar og forskning til å anerkjenne innsats for å utvikle og bruke norsk fagspråk i akademisk verksemd (NORCAM/COARA).

USN støtter krav til norskopplæring for utanlandske arbeidstakarar i akademia, og tar det institusjonelle ansvaret for å utvikle gode opplæringsprogram. Kravet om at alle skal lære seg norsk innan 2 år kan i somme tilfelle være urealistisk og det bør være opp til institusjonane å sette individuelle progresjonskrav.

Helsing

Petter Aasen

Rektor

Dokumentet er godkjent elektronisk, og har av den grunn ikkje handskreven signatur.